



Møre og Romsdal fylke



■ rundskriv nr. 21/07

Frå:	Til:
Utdanningsavdelinga	Dei vidaregåande skolane Ungdomspanelet Elevorganisasjonen i M & R
Dato:	Ref:
29.08.2007	MR 16728/2007/

God Helse - Rus : Rusførebygging i vidaregåande opplæring

Vi viser til rundskriv nr 04 /07 God Helse – Rus og rusmiddel i vidaregåande opplæring, og like eins m.a. til e-post av 27 03 og rundskriv 15 /07, der det er varsla om kurs om rusførebygging.

Tid/stad :

19-20 09 på Kjeldsundet leirstad i Herøy – for skolane på Sunnmøre

26-27 09 på Vikaneset på Frei - for skolane på Nordmøre og i Romsdal

Kursstart kl 1100 dag 1, og slutt kl 1500 dag 2.

Om deltaking /Påmelding :

Vi reknar med ca 50 deltakarar på kvart kurs, dvs. 2-5 deltakarar pr skole. Det er viktig at elevane er godt representert, slik at det blir om lag 50 % elevar på kursa. Elles er det ønskeleg at leiinga er representert, og deltakarar frå lærarane/kontaktlærarane. Skolane bør sjå kurset i samheng med kursa i vår om "tidleg intervensjon", slik at det blir noko overlapping i deltakinga.

I tillegg ser vi gjerne at PPT er representert på samlingane. Ungdomspanelet og Elevorganisasjonen får spesiell invitasjon til å delta med 2-4 representantar kvar. Vi ber om påmelding på vedlagt skjema innan 10 09.

Mål for samlingane

- styrke skolens bevisstheit og kunnskap når det gjeld å handtere utfordringar knytt til rus og rusmiddel
- legge spesiell vekt på førebygging av rusmiddelproblem for den enkelte og for skolen og samfunnet
- gi erfaringsutveksling og idear til skolens helsefremmande arbeid

Førebuing

Det er viktig at skolane før kurset tenker gjennom kvar dei står i det helsefremjande og rusførebyggande arbeidet, slik at deltakarane kan ta med seg idear og erfaringar til nytte for samlinga. Der vil bli lagt stor vekt på erfaringslæring og ideutveksling.

Deltakarane må elles ta med seg klede for friluftaktivitetar !

Program :**Dag 1.**

- 1100 Frammøte / innsjekking / bli kjent
- 1200 - 1300 Lunsj
- 1300 – 1730 Hovudvekt på :
Kvar står vi og vår skole i det rusførebyggande og helsefremmande arbeidet ?
Suksess-kriteriar ?
Kva treng vi og skolen vår meir kunnskap om ?
Kvar hentar vi kunnskap ?
- 1500 Kaffepause
- 1830 Middag
- Aktivitetsskveld – i samarbeid med ungdomsleiar/kroppsovingslærer(ar).

Dag 2

- Frokost
- 0830 – 1400 Hovudvekt på:
Samfunnets forventningar til skolen -(og framtidige arbeidstakarar)
Kunnskap om rus og rusmiddel
Organisering og tiltak innanfor det rusførebyggande arbeidet for – og av - ungdom.
Vegen vidare
- 1100 Kaffepause
- 1400 Lunsj / heimreise

Kursansvarleg :

Rita Valkvæ, Midtnorsk kompetansesenter for rusfaget
Ann Helene Skare, Kulturavdelinga
Eivind Hasle, Utdanningsavdelinga

Med helsing

Per Hoem
Fylkesutdanningsdirektør

Eivind Hasle
Fagsjef

Gjenpart:
Fylkesdirektøren
Fylkesordføraren
Lærarorganisasjonane
Utdanningsutvalet
Yrkesopplæringsnemnda
"God Helse"-arbeidsgruppe
PP-tenesta (14 kontor)
Kjellsund ungdomssenter 6080 Gurskøy
Vikanaset AS, 6520 Frei

